

Horn - Horne (gnr. 155)

Horne: Garden Horne i Fåberg er nemnt i eit diplom av 1320: ”i Horne”, truleg av horn, hyrna. Skrivemåten av namnet vart, så kort som det var, likevel skiftande og med fleire ulike avvik. Det er den gode namneforma Horne som skulle vore nytta som skriveform.

I stiftsboka av 1578 er namnet skrive Hornn, og garden låg da heilt eller for ein del til Fåberg prestebolig. – I 1625 finn ein gardsnamnet skrive Honnd, og brukaren der heitte Michell. Han var da dømt til å betale 2 ½ dalar i bot ”for nogen ukvemsord han tillagde Arne Alfsberg og kunde ikke bevise det”. Fem år seinare er Hornn ført i gruppa for ”Ødegarder”, og Michell var framleis brukar der. – Etter atter ein halv mannsalder er det i manntalet for Kopskatten 1645 fortalt at ”Gulb. Hend” betalde den utlikna ekstraskatten for kona si og seg sjølv med 18 skl. I manntalet var Kvegskatten 1657 er derimot gardnamnet skrive ”Haand”, og buskapen til Gulbrand Haand er oppgitt til 1 hoppe, 4 naut og 5 sauer. Av Mannkjønnsmanntalet 1665 går det vidare fram at brukaren med farsnamn heitte Gulbrand Eriksen Horn, at han da var 60 år og hadde ein son av namn Oluff som var 14 år.

I år 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Haand” i Fåberg fortalt at den samla landskyld av garden var 4 skinn, vidare at Haand framleis låg til Fåberg prestebolig, så brukaren der, altså Gulbrand Eriksen, var bygselbonde eller leiglending for prestebordet. Buskapen av store husdyr på Haand var da 1 hest og 7 naut, og korntienda vart utreidd med ei ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 5 tønner. Vidare er det og oppgitt at ”Engen er Ringe, Kand och iche forbedris, Schoug alleene til Brendeveed”. Ein merker seg elles at ingenting er nemnt om garden hadde seter.

Vel ein mannsalder seinare heitte i år 1710 bygselbonden av Hond prestebolsgods Ole Haand, og han fekk da tinglyst bevillingsseddel på ei seterlykkje til 2 lass høy på ”Kinden” seter. Av elleve år seinare er ei rettssak som handlar om flytting av haffelder. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

”Kjølveien ved grd. Kaarsrud 14. juli 1721.

Åstedssag mellem Siverud og Hond's opsiddere på den ene side og Alfsbergs opsiddere på den anden.

Rasmus og Niels Siverud og Ole Haand har ved lensmannen innstevnt Ole Alfsberg fordi han i formentlig sameie og felles mark har gjort adskillige innhegningar og flyttet gamle haffelder. Kjennes for rett: Ole Alfsberg bør igjen utlegge de innhegningar som han eller hans sl. far har gjort, hvilke blir til felles havn og nytte som forhen, aldeles efter for retten inngået forlik av 1689. Likeså forflyttes haffelden til de steder den før har stått. Siverud og Haand holder deres del derav efter lod og anpart. Processen omk. betales av Ole Alfsberg til citanterne med 8 rd.” Same året, altså i 1721, vart det ved tinget på Tollersrud tinglese bygselseddel utstedt av prosten Rosing til soldat Haagen Olsen på bruken av ”4 skind i Haand, som er prestebolsgods”.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om grd. ”Haand” vidare fortalt at den framleis var ”Faaberg Prestebols med bøxel tilhørig”, og at landskylda av garden framleis var 4 skinn. Buskapen på Haand var da 1 hest, 7 naut og 7 sauer, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 2 ½ tønne bygg og litt rug. Vidare er det oppgitt at garden ligg i sollia, at den er lettbrukt, og at jordarten der er god, ”dog noget tørrent”. Det var dessutan skog til brenneved og gjerdefang og seterslått til 2 lass høy. Heile høyavlinga utgjorde da kring 10 lass, og endeleg er det og fortalt at det til garden hørde eiga kvern, men at ho vart brukt berre til ”huusnøtte”.

Haagen Olsen, som i de tid var brukar og bygselbonde av Hond, var gift med Tore Eriksdtr., og dei hadde 9 born. Det var: 1. Kari, fødd 1723, 2. Beret f. 1725, 3. Kjersti f. 1727, død ugift 1752, 4. Ole f. 1729, 5. Marit f. 1732, 6. Anne f. 1734, 7. halvør f. 1737, 8. Ingebør f. 1740, 9. Mari f. 1745. – Gardnamnet er i denne tid oftast skrive Hond, som sikkert var uttala med open o-lyd.

Faren, husbonden Haagen Olsen, som var fødd i 1698, vart elles ingen gamal mann. Han døde i 751, og 20 april same året var det skifte på ”Horn i Faaberg”. – Ved dette skiftet var altså jordegodset Hond som tilhørde prestebølet, ikkje medregistrert i arvebuet som likevel utgjorde brutto 385 rd. og netto 323 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Tore Eriksdtr. dei 9 borna i ekteskapet, som framleis alle var i live.

Seks år seinare var det kome ny sokneprest til bygda, og prosten Niels Stochflet gav da bygselseddel til Ole Haagensen på bruken og bygsla av ”prestebølets gård Hond, 4 skind”. Ole Haagensen f. 1729, som dermed tok over som brukar og husbond på garden, gifta seg same året med Anne Knudsdr., og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Dei var: 1. Haagen f. 1758, 2. Knud f. 1760, 3. Ole f. 1763, 5. Ane f. 1766.

Men 10 seinare gav i 1776 ”sokneprest for Faaberg menighet Martin Abildgaard bøkelseddel til Peder Tordsen på ”den Faaberg prestebord tilliggende gaard Hond skyldende med bøkøl og herlighed til bemeldte prestebord 2 k.skind”.

Peder Tordsen Blegen, som dermed tok over som brukar og bygselbonde på Hond, hadde i 1774 gifta seg med Mari Haagensdr. Hond f. 1745, og dei fekk i sitt ekteskap 7 born. Dei var: 1. Tore f. 1775, gift 100 med Ingeborg Andersdr. Snaghol, 2. Hans, f. 1777, gift 1815 med Kari Eriksdr. Grønlien, 3. Ole f. 1778, 4. Lars f. 1781, 5. Christen f. 1784, 6. Amund f. 1786, 7. Marit f. 1782, gift 1838 med enkemann Hans Pedersen v/Jongerud.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og/eller ved ”Hond”. Det var:

1. familie: 1. Peder Tordsen, husbonden, 54 år, 2. Mari Haagensdr., kona hans 56 år, 3. Hans Pedersen, son deres, 24 år, 4. Christen Pedersen, son deres, 17 år, 5. Amund Pedersen, son deres, 15 år, 6. Marit Pedersdr. dotter deres, 13 år,.
2. familie: 1. Tore Pedersen, son på garden, husmann med jord 26 år, 2. Ingeborg Andersdr., kona hans, 20 år, 3. Ole Haagensen, føderådsmann, 72 år.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Hond” fortalt at buskapen av store husdyr på garden da var 1 hest og 6 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 16 tønner. Det er dessutan opplyst at det var ein husmannsplass til garden.

Fem år seinare var husbonden Peder Tordsen død, og det var skifte på ”Hond i Faaberg”. Ved dette skiftet var arvebuet sikkert utan jordegods verdsett til brutto 44 rd. og netto 39 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan Mari Haagensdr. dei 5 sønene: Tore, Hans, Ole, Lars, Christen og dottera Marit som da var 36 år.

Odelsarvingen Tore Pedersen, som da tok over som eigar og brukar av Hond, var gift med Ingeborg Arnesdr. Snaghol f. 1781, og dei fekk 13 born. Dei var: 1. Mari f. 1800, gift 1820 med Amund Olsen Torgersrud, Korsrudkrom, 2. Sønnøv f. 1803, 3. Peder f. 1804, gift 1834 med Karen Amundsdr. Holen, 4. Anne f. 1806, 5. Hans f. 1808, gift 1839 med Elisabeth Margrethe Jakobsdr. Gruven, 6. Berte f. 1811, g. 1842 med Nils Simensen v/Prestegarden, 7. Christen f. 1815, 8. Ingeborg f. 1817, gift 1845 med Jacob Engebretsen på Nordhove, 9. Ole f. 1820, død som barn, 10. Tore f. 1821, 11. Marthe f. 1824 gift 1847 med Hans Knudsen v/Lysgård, 12. Ole f. 1826 gift 1854 med Agnethe Larsdr. n. Bleken f. 1820.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskylda skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Haand” fekk da som si nye matrikkelskyld: 1 skylddalar 4 ort 23 skilling, og det var da framleis Tore Pedersen som var husbond på garden.

I 1840-60-åra var det fleire utskiftingar av gamle bruksrettar både til hamning og hogst. I 1847-48 var det såleis mindeleg utskifting av "Skovmarken i Kinden Sæterlag", og i 1856 var det deling av skogen i ein hamnehage som Hond og Syverud hadde brukt isaman. Vidare var det i 1863-64 utskifting av "Kinden Sæterskov".

År 1865 vart det i samband med folke- og jordbrukstellingane publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der det om "Horn" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 115 mål, og av dette var 33 ½ mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at den årlege utsæd utgjorde kring 6 tønner korn og 2 tønner settepoteter.

Men tre år seinare kom så i 1868 det store omskifte på "Haand", da garvar Lars Nielsen fekk Kongl. skjøte på og kjøpte garden til odel og eige for kjøpesum 1550 spd.

Etter atter atten år kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen. Her vart gardnamnet skrive Horn, og den nye matrikkelskylda av garden vart sett til 4,26 mark. Den første eigar og brukar av Horn etter denne store endringa var altså Lars Nielsen.

Tretten år seinare var det i 1899 utskifting av ordning av hamnetilhøva for Støla og Kinna og fleire setrer, og same året vart den årlege pengeutreidsla til Faaberg Sognekald sett til kr. 8,52.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1901 budde det 3 personar med røysterett på Horn. Dei var: 1. gardbrukar Lars Nilsen Horn, 84 år, 2. husmor Salvie Nilsen Horn, 68 år, 3. gardbrukarson Nicolai Nilsen, 37 år. Dessutan budde det da 2 personar med røysterett på plassen Uroen. Det var: 1. husmann Even Arnesen Uroen, 57 år, 2. husmor Kristine Olsdr. Uroen, 63 år.

Av handlar i seinare tid med grd. Horn eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1922 kjøpte så S.A. Nilsen grn. 155 2 Øvrehagen av skyld 0,16 mark, og i 1927 tok Synnøve og Johan Grønlien over grd. Horn.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 framleis 1 bruk under gnr. 155 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Det var: Grn. 155 brn. 1 Horn med eit jordbruksareal på ca. 80 mål, som framleis Johan Grønlien var eigar og brukar av.